



KOPI

Øyvind Hosøy  
Markaneset 66  
5251 SØREIDGREND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1900 - 21/87967

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
28.12.2021

## Svar på førespurnad om møte i høve avvist søknad av 20.12.2021 - gbnr 11/84 Hølleland

Vi viser til førespurnad om møte med kommunen i e-post av 28.12.2021.

Det er fremja ønske om eit fysisk møte for å etablere ein felles forståing av avvsningsvedtaket av 20.12.2021 før vedtaket vert påklaga.

### Vurdering

Søknad om dispensasjon om etablering av tilkomstveg vart avvist i vedtak av 20.12.2021.

Søknaden er avvist då det var klart for kommunen at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettar som søknaden om dispensasjon forutsett, jf. pbl. §21-6 først ledd andre punktum og pbl. §21-4. Avvist søknad betyr at søknaden ikkje vert realitetshandsama.

Kommunen kan ikkje ta søknaden om dispensasjon til realitetshandsaming før dei privatrettslege tilhøva er dokumentert avklart og/eller sikra, jf. pbl. §21-6 først ledd andre punktum og pbl. §21-4.

Eit møte i saka vil ikkje endra kommunen si vurdering av kva dokumentasjon som må liggja føre før saka kan realitetshandsamast.

Det er frå kommunen si side gjeve veiledning og rettleiing i saka etter at avvsningsvedtaket vart gjeve. Vi viser her til e-post av 22.12.2021 samt 28.12.2021. Kommunen si alminnelege veiledningsplikt etter forvaltningsloven §11 er etter dette oppfylt.

Kommunen presiserer at sjølv om tiltakshavar skulle få dei privatrettslege rettar som søknaden forutsett, så vil kommunen avslå søknaden om dispensasjon frå byggegrense mot sjø, samt krav om reguleringsplan jf. føresegn 2.2 i kommuneplanen for Lindås.

### Konklusjon

Kommunen anser det ikkje som naudsynt å ha eit møte om avvsningsvedtaket. Eit møte i saka vil ikkje endra kommunen si vurdering av kva dokumentasjon som må liggja føre før saka kan realitetshandsamast. Tiltakshavar er gjeve veiledning og rettleiing i saka etter at avvsningsvedtaket vart gjeve. Saka er på denne bakgrunn godt nok opplyst, jf. forvaltningslova §17.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Øyvind Hosøy

Markaneset 66

5251

SØREIDGREND

**Mottakarar:**

Øyvind Hosøy

Markaneset 66

5251

SØREIDGREND